

## Saksgang

Utv.	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		22.11.2023
Fylkesutvalet		28.11.2023

## **Høyringssvar - Utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn og revisjon av dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stadnamn**

### Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune står tilvisinga i avsnitt 1.1 til lova § 2 e om nedervd lokal uttale.
2. Vestland fylkeskommune meiner at det er gjort ei god forenkling i avsnittet *Meiningsinhald og etymologi*. Vestland fylkeskommune står og at Språkrådet løftar merknaden om bruk av dobbel vokal for markering av lang vokal, og bokstavane c, q, w, x og z i allmennord inn i dei utfyllande reglane.
3. Vestland fylkeskommune står tillegget om at ein i nokon mon kan akseptere eldre rettskrivingsformer etter 1938 som har normeringstradisjon, i avsnitt 1.7.
4. Vestland fylkeskommune meiner at setninga «Viktige prinsipp i denne samanhengen er konsekvens og einskap. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel vert skrive likt innanfor same dialektområdet/kommunen» skal takast inn att i avsnitt 1.9 Lokale dialektformer. Setninga er ei viktig påminning av einskap på tvers av kommunegrenser. Vestland fylkeskommune meiner at ansvaret for å ha oversyn over bruken av dialektformer og regionale samleformer skal ligge hjå stadnamnenesta.
5. Vestland fylkeskommune står det nye avsnittet 3.11 om aksentteikn.

### Samandrag

Språkrådet har sendt ut til høyring framlegg til revisjon av dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stadnamn. Etter § 7 i lov om stadnamn vel Vestland fylkeskommune namn på og vedtek skrivemåten av namn på eigne fylkeskommunale anlegg, slik som til dømes haldeplassar, bruer og bygg. Stadnamn er også språklege kulturminne, og dokumentasjon og formidling av lokale stadnamn er del av fylkeskommunen sitt arbeid med å bevare immateriell kulturarv frå Vestland.

Framlegga frå Språkrådet får konsekvensar for tilrådingar og vedtak om skrivemåten av stadnamn etter lov og forskrift om stadnamn, også for stadnamn VLKF vel til sine anlegg. Fylkeshirektøren rår

til at det vert sendt inn høyringssvar med merknader til fem av avsnitta i dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stadnamn.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Per Morten Ekerhovd**  
avdelingsdirektør  
Kultur og folkehelse (KFO)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Høyringsnotat om utfyllande reglar for skrivematen av norske stadnamn
- 2 Utfyllande reglar til høyring

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Språkrådet har sendt ut til allmenn høyring framlegg til revisjon av dei utfyllande reglane for norske stadnamn, i lag med høyring om utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn. Desse reglane er utfyllande språkreglar om korleis stednamn skal skrivast, og er eit hjelpemiddel i arbeidet med handsaming av stednamn. Heimelen for dette finn ein i forskrift om stednamn § 15.

Etter stednamnlova skal fastsetjing av skrivemåten av stednamn ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen, og skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk, samisk og kvensk. Føremålet med reglane som no er på høyring, å vise korleis krava i lovverket kan oppfyllast. I reglane står det døme på kva skrivemåtar som kan nyttast for å representera ulike målmerke, og når ein kan vike frå rettskrivingsformer og nytte skrivemåtar som ligg nærmere til dialektuttalen. Reglane er ikkje uttømmande, og det vil i mange saker vera lokale tilhøve som må vurderast og vektleggjast når ein vel skrivemåte av namn.

Etter lov om stednamn (stednamnlova) har Vestland fylkeskommune vedtaksmynde i stednamnsaker som gjeld fylkeskommunale anlegg. I stednamnlova § 7 står det:

*Fylkeskommunen vel namn på og vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.*

Døme på slike anlegg kan vera bruver, anna infrastruktur, haldeplassar og bygg fylkeskommunen eig. Fylkeskommunen kan og uttale seg i enkelte saker om stednamn i kommunane. I stednamnlova § 8 står det:

*Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune.*

Når fylkeskommunen handsamar eit stednamn, skal ein be om tilråding frå stednamntenesta i Språkrådet. I stednamnlova § 9 står det:

*Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal stednamntenesta gi tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsettjing.*

I alle slike saker dei utfyllande reglane om skrivemåten av norske stednamn nyttige og naudsynte for sakshandsaminga. Vestland fylkeskommune følgjer reglar og retningslinjer for namnsettjing og val av skrivemåte for stednamn fastsett av Språkrådet. Dette gjeld særleg når det kjem til bruken av regionale og lokale dialektformer.

Stednamn er språklege kulturminne, og er kjelder til vår forståing av språk og menneskeleg aktivitet. Vestland fylkeskommune arbeider med innsamling, vern og formidling av immateriell kultur, og arbeid med stednamn er ein del av dette. Vestland fylkeskommune sin database med innsamla stednamn frå Sogn og Fjordane er eit viktig kjelde i arbeidet med namnsettjing på alle nivå i forvaltinga. Det er pågående samarbeid om namnesaker på tvers i organisasjonen, der samspelet mellom namnsettingsarbeid og vern av kulturarv kjem til syne. Derfor er det viktig for Vestland fylkeskommune å gje fråsegn i denne høyringssaka.

Fristen for å levere høyringssvar er 1. desember 2023.

### Særskilt til dei ulike punkta i vedtaksframlegget

Fylkessirektøren rår til at det vert sendt inn høyringssvar med merknader til fem av avsnitta i dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stednamn. Desse fem avsnitta er av særleg relevans for fylkeskommunen si verksemd med stednamnarbeid. Under følgjer nærmare utgreiing for dei ulike vedtakspunkta.

#### Punkt 1 om nedervd lokal uttale

Språkrådet har lagt til ei tilvising til stednamnlova § 2 bokstav e i dei utfyllande reglane sitt av snitt 1.1. Aktuelle paragrafer. Bokstaven definerer kva som meinast med «nedervd lokal uttale» slik:

*nedervd lokal uttale: uttale som er overlevert frå tidlegare generasjonar, som har vore vanleg på staden, og som framleis er i levande bruk.*

Prinsippet om å nytte «nedervd lokal uttale» er sentralt i stadnamnlova, og dersom ikkje anna er fastsett av lova, skal ein ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namn når ein fastset skrivemåten av stadnamn. Når ein viser til denne paragrafen i dei utfyllande reglane, stadfestar ein viktigeita av dette prinsippet.

### **Punkt 2 om avsnittet *Meiningsinnhald og etymologi***

Språkrådet har forenkla ordlyden under overskrifta 1.3 Meiningsinnhald og etymologi.

Vidare har Språkrådet teke inn ei referanse til proposisjonen til stadnamnlova (Prop. 65 L (2018-2019)). I merknadene til § 4 står det følgjande, som no er føreslått teke med i dei utfyllande reglane:

*I proposisjonen til stadnamnlova (Prop. 65 L (2018–2019) heiter det i merknadene til § 4: «Markering av lang vokal (for eksempel med bruk av dobbel vokal) og bokstavane c, q, w, x, og z skal ikkje godtakast i skriving av allmennord. Grunnen er hovudsakleg at slike skrivemåtar i stor grad forvanskar meiningsinnhaldet.»*

Dette tillegget kan knytast til stadnamnlova § 1. Der heiter det at stadnamn skal ha ei skriftform «som er praktisk, og som ikkje skyggjer for meiningsinnhaldet i namnet, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna.» Fylkesdirektøren oppfattar det slik at stadnamntenesta i dag følgjer prinsippet som det refererast til, og står at det formaliserast gjennom å løfte det inn i det utfyllande reglane.

### **Punkt 3 om eldre rettskrivingsformer med normeringstradisjon**

Språkrådet har føreslått å legge til denne setninga i avsnitt 1.7 Rettskrivingsformer:

*I nokon mon kan ein også akseptere eldre rettskrivingsformer i bokmål eller nynorsk etter 1938 som har normeringstradisjon.*

Ein kan argumentere for at dette harmoniserer godt med prinsippa om regionale samleformer, avsnitt 1.8 i dei utfyllande reglane. Dette er former som ikkje er i samsvar med offisiell rettskriving, men som likevel har ein skriftradisjon i namnenormeringa, og som er baserte på dialektformer som er i bruk over eit større område. Somme av desse formene kan jamvel kan ha vore offisiell rettskriving før dei siste rettskrivingsreformene i 2005 (for bokmål) og 2012 (for nynorsk).

Tillegget i avsnitt 1.7 i dei utfyllande reglane vil opne for normeringsval som står nært ei rekke velkjente regionale dialekttrekk i Vestland. Det er likevel viktig å påpeike at bruken av slike former kan nyttast «i nokon mon», og Vestland fylkeskommune vil halde fram med å i hovudsak nytte skriftformer som er i samsvar med den gjeldande offisielle rettskrivinga.

### **Punkt 4 om lik skrivemåte innanfor eit dialektområde**

Avsnitt 1.9 i dei utfyllande reglane handlar om bruken av lokale dialektformer. Lokale dialektformer har avgrensa utbreiing, og kan nyttast i namnenormering når særlege grunner talar for det. I tredje avsnitt har Språkrådet fjerna setninga «Viktige prinsipp i denne samanhengen er konsekvens og einskap. Det vil seie at same ordet eller same målmerket som hovudregel blir skrive likt innanfor same dialektområdet/kommunen.» Setninga er erstatta av denne setninga:

*Bruk av skrivemåtar som i større eller mindre grad er talemålstilpassa, må ha som føresetnad at dei aktuelle ordformene er nytta i vanleg daglegtale i området som appellativ, adjektiv og så vidare.*

Språkrådet grunngjev endringa med at «trekka konsekvens og einskap etter dei siste revisjonane av lov og forskrift i mindre grad enn tidlegare er brukte som argument for skrivemåtar i tilrådingar.»

Fylkesdirektøren ønskjer inn att setninga som er stroken. Sjølv om einskap og konsekvens i mindre grad enn før nyttast som argument i tilrådingar, kan ein likevel meine at setninga som er teken ut er ei viktig påminning for dei som arbeider med val av skrivemåtar i kommunane. Mange

dialektområde kryssar kommunegrensene. Kommunane har avgjerdsmynde for mange namn som er synlege i det daglege for innbyggjarane, slik som veg- og adressenamn, namn på bustadfelt, grender og bydelar (jf. stadnamnlova § 7). Dersom ein ikkje sikrar konsekvens og einskap i skrivemåte på tvers av kommunegrenser, kan ein stå i fare for å misse attkjenning av dialektord i skrift.

Dersom setninga vert teken inn att, hadde det og vore interessant med ei presisering av kvar ansvaret for denne einskapen skal ligge. Fylkesdirektøren meiner at det er naturleg at dette ansvaret skal ligge hjå stadnamntenesta, sidan dei skal gje tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsetjing.

#### Punkt 5 om aksentteikn

Språkrådet har lagt til eit nytt punkt, punkt 3.11 Aksentteikn. Der står det at:

Aksentteikn kan nyttast dersom det er ønskjeleg for å tydeleggjere uttalen (t.d. for å indikere /å/-uttale i *Hølevegen*.)

Det nye punktet opnar opp for meir bruk av aksentteikn for å tydeleggjera uttalen av namnet. Aksentteikn er meir vanleg i nynorsk enn i bokmål, men kan i mange tilfelle sløyfast i nokre heimelege ord. Bruken av aksentteikn står dialektuttale av namn, slik som i dømet som står i framlegget. Fylkesdirektøren meiner at det er positivt at dette vert teke inn i dei utfyllande reglane.

#### Vedtakskompetanse

Etter Reglement for folkevalde organ og delegering har Fylkesutvalet mynde til å gjera vedtak i saker etter lov om stadnamn.

#### Vurderingar og verknader

##### Økonomi:

Ingen

##### Klima:

Ingen

##### Folkehelse:

Ingen

##### Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Stadnamn er immaterielle og språklege kulturminne. Vestland har som mål å verne om kulturminna våre. Dette gjer ein mellom anna gjennom innsamling, vern og fagleg handsaming av stadnamn.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren rår til at Vestland fylkeskommune sender inn høyringssvar i høyringa om dei utfyllande reglane i skrivemåten av norske stadnamn. Etter lov om stadnamn vel Vestland fylkeskommune sjølv namn på og stavemåte av fylkeskommunale anlegg. Handsaminga av stadnamn i Vestland fylkeskommune skal vera fagleg, og fylkeskommunen hentar inn tilrådingar frå Språkrådet i stadnamnsaker slik lovverket krev. Vestland fylkeskommune nyttar dei utfyllande reglane for skrivemåten av norske stadnamn i eiga sakshandsaming, og har derfor innspel til desse reglane.